

# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



Foto: Kari S. Rong

### I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Når Skipper'n skal ha seg mat.....	S.	2
Helsingar frå misjonærane.....	S.	8 og 9
Leirane .....	S.	4 og 5
Andakt frå biskopen.....		Siste side



## Når Skipper'n skal ha seg mat...

**“Kunnskapsminister Øystein Djupedal krever at lærere som synger bordbønn med skolebarna, slutter med det umiddelbart.”**

Det var VG som meldte dette 17.november, noko som fekk NRK P1 til å koma med framlegg om teiknefilm-Skipper'n sin song som akseptabelt “bordvers” for alle...

Og ministeren heldt fram: *Norsk skole skal ikke være forkynnende. Den skal være inkluderende. Bordbønn er ikke i tråd med hvordan norsk skole skal være.*

Utsagnet er eit av fleire politiske utspel i det siste der ministre i den nye regjeringa har gått høgt på bana i ei rekkje saker det i høg grad er fleire meiningar om, og dei må rekna med stor motstand i.

Når Skipper'n i teiknefilmene er i kamp mot kjempa Brutus tek han ein boks spinat. Som kjend avgjer dette striden. Spinat eller ikkje, her er litt kraftkost til hjelp for heim og skule.

### Foreldreretten.

Det som ligg under denne saka er spørsmålet om foreldreretten. Og spørsmålet om kven som “eig” skulebarna. Er det foreldra eller staten?

I 1942 braut Den norske kyrkja med det fascistiske regimet vi då hadde nett på grunn av dette spørsmålet. Bispar, og seinare størsteparten av prestane la ned den statlege delen av embetet. Støtte kom frå dei kristne organisasjonane og den katolske kyrkja. Og lærarane hadde sin front.

Om andre politiske vindar rår i dag er framleis foreldreretten under åtak. Og kristne normer og verdiar er under eit sterkt press.

Når Djupedal brukar opplæringslova sine vedtekter om ein inkluderande og samlande skule mot kristne innslag i skulen verkar han óg noko naiv. Om det er ei tenkt einsretting han vil til livs, er det nett ei anna av same sorten han no har sett i gong med å skape.

Frå vår side er det sjølv sagt å ha respekt for det andre meiner, og ikkje minst for andre verdigrunnlag enn det klassisk kristne synet på tru og liv vi står på.

Det er likevel nausynt å gjere seg til talsmann for det store fleirtalet i Noreg, og ikkje minst her i Øygarden som døyper borna sine, og framleis ønskjer ei kristen verdiforankring i skulen.

Frå kyrkja si side er vi elles opptekne av omsut for våre døypte medlemmer som er skuleborn.

### Parole.

- *Vi ber difor om at i klassar kor alle elevane er døypte bør lærarane i samråd med rektor og foreldre og føresette utan vidare halda fram med å be kristen bordbøn.*
- *Der dette ikkje er tilfelle bør det óg vera samråding mellom skule og foreldre slik at ein kan vise respekt for alle standpunkt. Truleg vil dei fleste ikkje ha noko imot bordbøn i slike døme heller, men ingen må tvingast, akkurat som praksis er ved deltaking på skulegudstenester no i advent.*
- *Uansett løysingar av saka i skulen må foreldre, føresette og fadrar lære borna sine bordbøn og bruka henne óg ved skulematen slik vi snakkar om i alle dåpsførebuingsamtalar og dei lovar ved døypefonten.*

sokneprest@kyrkja.net

Til vidare orientering:

[http://www.vg.no/pub/vgart\\_hbs?artid=109551](http://www.vg.no/pub/vgart_hbs?artid=109551)

<http://www.bt.no/lokalt/bergen/articel222938.ece>

Kirkens Grunn. En bekjennelse og en erklæring (artikkel IV: Om foreldrenes og kirkens rett og plikt i barneoppdragelsen), lese i kyrkjene Påskedag 17.april 1942.

<http://www.kyrkja.net/kg.htm>

Brev frå biskopane 14.februar 1942.

Erklæring lese i kyrkjene på Marimessesundagen 22.mars 1942.



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgeivar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen  
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen

Takkeannonser: kr 100,-  
Kontonr.: 3628 07 02557  
Layout/trykk: Grafisk Team AS  
Distribusjon: Hurtiglevering, Tjeldstø  
tlf. 98 66 53 29

### Kyrjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneteret, Rong  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 56 38 22 40  
Faks: 56 38 22 41  
Vakttelefon: 56 38 22 44  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)

### Internett: kyrkja.net

Opningstid: måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorsekretær: Kari Sandøy Rong  
e-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog: Anne Mette Risøy  
e-post: [kyrkjelydspedagog@kyrkja.net](mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 47

Kantor: Anne Lise Grøm - permisjon

Organistvikar: Torgeir Landro  
e-post: [torgeirlandro@hotmail.com](mailto:torgeirlandro@hotmail.com)

Sokneprest: Svenn Martinsen  
e-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje: Odd N. Thormodsæter  
e-post: [kyrkjeverje@kyrkja.net](mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 43

### Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje: tlf. 56 38 70 22  
e-post: [blomvag.kyrkje@kyrkja.net](mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/gravvar: Kåre Kristoffersen  
Mobil 97 72 72 21  
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje: tlf 56 38 80 30  
e-post: [hjelme.kyrkje@kyrkja.net](mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/gravvar: Kari B. Solheimslied  
Mobil 9772 74 57  
Klokkar: Ingebjørg Sæle

### Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Kjellaug Solsvik  
Hjelme sokneråd: Leiar: Frank Skjold  
Øygarden kyrkjelege fellelråd: Leiar: Gustav Landro

Teamet 05/06: tlf 45 27 67 35

**Frist for stoff til  
nr. 1/06 er 31. januar**

**Det er rart med det ein lærer når ein er liten... I haust er det 30 år sidan eg starta i fyrste klasse ved Alvheim skule, og eg var så heldig at eg fekk ha ho Ingebjørg til lærar dei tre fyrste åra.**

Av Laila Øyen

Noko av det eg hugsar best frå desse åra var då me starta (eller var det avsutta..?) kvar dag med å syngje denne bønna til Egner. Eg hugsar at ho Ingebjørg, etter spørsmål frå ein i klassen, forklarte oss kva krig og svolt og sott var. Eg hugsar òg sjokket og grua eg kjende over at det var barn i verda som

*Eg faldar mine hender små  
i takk og bøn til deg.  
La alle barn i verda  
få det like godt som eg.*

*Værn alle med di sterke hand  
mot fattidom og død  
Og hjelp små barn i alle land  
og gje dei dagleg brød*

*La ikkje krig og svolt og sott  
få rive lukka ned  
La alle leve trygt og godt  
i friidom og i fred.*

hadde det slik. Bønna vart nok sunge med endå meir innleving etter det. Songen gav oss egosentrerte 7-8 åringar høve til å flytte blikket utover, og fokuset vekk frå oss sjølve.

Me veit alle at denne bønna er like aktuell i dag, og adventstida er ei fin tid til å minne kvarandre på at me kan vera med å gjere litt ekstra for at alle skal få det like godt som oss.

Til neste gong utfordrar eg svigerinna mi, Elisabeth G. Sanden, som for tida er i Paris med familien for å lære seg fransk før dei dreg til Mali.

Tekst: Torbjørn Egner  
Til nynorsk: Haldis Moren Vesaas

# Øygards-tur til Etiopia

For ikke så lenge siden dro fire stykker fra Øygarden til Etiopia for å se på et prosjekt ved Jinka sykehus. Øygarden Kommune har i flere år støttet dette prosjektet som NLM driver. NORAD er med og dekker 90% av prosjektet. Ungdomsskoleelevene er også med og støtter prosjektet, og det har vært vanlig at elever og lærere fra kommunen drar nedover for å besøke Jinka sykehus. De som dro i år var Mette Linda Flaaten (lærer fra ungdomsskolen), Steinar Blom og Mariell Torsvik fra 10. klasse og Hilde Vik (lærer fra Toftøy Skole).

På turen fikk de mange inntrykk og opplevelser på godt og vondt. Det gjør inntrykk å se at ting kan være så forskjellig fra det man er vant med fra før.

På ungdomsskolen arrangerer de Operasjon Jinka. Elevene får seg arbeid for en dag, og inntektene skal gå til Jinka Sykehus. Elevene som var med på turen skal holde foredrag for kommunestyret og skolene, og bedehus vil også få høre om turen. Dette høres veldig spennende ut, og vi ønsker dere lykke til med prosjektet og foredrag!

Du kan lese mer om turen på Norsk Luthersk Misjonssambands hjemmesider, [nlm.no](http://nlm.no), under feltet Misjonsfelt.



Øygards-gjengen i Etiopia.

# Leir for 3.- 4.klasse

Tekst: Kari Skår  
Foto: Anne Mette Risøy



22. – 23. oktober var 40 barn og 11 leiarar samla til leir på leirplassen vår; Skjergardsheimen. Vi møttes laurdags morgon; friske, spente og opplagte. Nokre var deltakarar på leir for første gong, og hadde mange sommarfuglar i magen. Etter innkvartering og bli-kjent-samling var det godt å koma ut i frisk luft og leika med ballstang, leikeapparat eller fotball.

Fire av hjelpeleiarane var leiarar for første gong på denne leiren, og dei var om mogeleg enda meir spente enn deltakarane på korleis dette skulle bli. Men klarte dei jobben? Ja, og det med glans. Dei prøvde ut teorien dei tidlegare i haust lærte på leirleiar kurs, og det viste seg at mykje stemte i praksis. Vi som var der gløymer ikkje så fort den fantastiske leirfesten desse fire 9. klassingane planlagde og gjennomførte til stor glede for oss andre. Spesielt den sketsjen med ho som var på jobbintervju.....

Barnesekretær Janne Kari Gjerde var talar på denne leiren. Ho fekk formidla Jesus inn i hjarto våre ved hjelp av mange flotte hjelpemiddel. Vi kunne syngja frimodig ilag om at "Jesus er vår venn" etter å ha høyrte om at Jesus er glad i oss, at han døydde for oss og at han lever i dag.



# 6.-7.klasse-leir!!

Tekst og foto:  
Anne Mette Risøy



Helga 11.-  
13. november  
var vi samla til leir  
på Skjergardsheimen!  
Det var mange som kom,  
heile 44 deltakarar! Dei  
besto av spente og aktive born!



Temaet for leiren var Daniel,  
og Ingrid Sandøy kom og hadde  
bibeltimane for oss. Historiane om  
Daniel er mange og spennande, og  
Ingrid formidla dei på ein svært god  
måte. Vi fikk vite masse om korleis  
Gud brukte Daniel og kva det har å seie  
for livene våre i dag. Dessutan kan vi vel  
seie at leirsongen "Jesus spør om du er tøff  
nok!" sitt godt fast i hukommelsen no... ☺



På fredag hadde vi bli-kjent samling  
med leik, og deltakarane vart delt inn  
i smågrupper. På laurdag hadde vi eit  
vellykka inne- sporlaup, bibelsamling,  
hobbyaktivitetar, underholdningskveld,  
kveldsmøte med andakt og ikkje minst open  
kiosk! På underholdningskvelden var det  
mange deltakarar og leiarar som bidro med  
morsomme sketsjar og vitsar! Vi nemner  
blant anna historia om Lille-Willy med fleir,  
henteleikane og lege-sketsjen... ☺



Leiren vart avslutta med gudsteneste i  
Blomvåg kyrkje. Det var ei fin gudsteneste,  
og deltakarane framførte leirsongen  
"Jesus spør om du er tøff nok!" veldig  
bra! Dessutan var nokon av deltakarane  
med i inngangsprosesjonen i starten av  
gudstenesta.

Vi seier takk til Skjergardsheimen, alle  
deltakarane, dei **dyktige** leiarane og  
Ingrid som alle var med og bidro til at  
dette blei en bra leir!

*"Jesus spør om du er  
tøff nok!!"*



# Gravferdsstønad

Av Anne Mette Risøy

## **Kva er gravferdsstønad og kven har rett til det?**

*Trygdekontoret kan opplysa følgjande:*

Gravferdsstønad er ei ordning som dekker utgiftene eller deler av det ei gravferd kostar. Ein kan få maksimum 16.068 kr i stønad, så det dekker sjeldan heile kostnaden.

Stønadsordninga er behovsprøvd. Det er ikkje behovsprøving for born under 18 år, då får alle utbetalt gravferdsstønaden mot dokumentasjon av utgiftene. Her

gjeld også maksimumstønaden på 16.068 kr.

Reglane for behovsprøving er forskjellige for einslege og par. Dersom ein er einsleg, vert stønaden avkorta med nettoformuen og ein legg den siste sjølvmeldinga til grunn. Når avdøde har ektefelle, sambuar eller partner legg ein til grunn netto finansformue. Det vil seie at formuegjenstandar som hus og bil ikkje vert teke med i utrekninga. Dette er fordi den gjenlevande parten treng både hus og bil.

Det er også egne reglar dersom ein mistar eit barn i mors liv. Dødfødsel før 27.veke i svangerskapet blir ikkje rekna som fødsel. Men dersom det er dødfødsel etter 27.svangerskapsveke, vert det rekna som født og ein har rett til stønad. Levande fødte før 27.svangerskapsveke vert rekna som fødsel, sjølv om bornet døyr kort tid etter. Her gjeld dei same reglane som for born under 18 år.

## **Kortnytt frå råda**

Det ligg føre oppseiingsbrev frå klokkar Ingebjørg Sæle i Hjelve. Ho har hatt dette arbeidet sidan 01.05.98. Oppseiinga gjeld frå årsskiftet. Fellesråd og sokneråd takkar Ingebjørg for trufast teneste.

Det er kome søknad om forlenga permisjon for Turid og Janesh Ameyna. Dei søker om eitt år forlenga permisjon, dvs. fram til sommaren 2007. Dette har Fellesrådet sagt ja til

Frå årsskiftet tek Rannveig Vestbøstad Vik over vikariatet som kyrkjelydspedagog. Ho vil då ha ansvar både for konfirmantopplæringa, administrasjon av barne- og ungdomsarbeidet og medarbeidar for utgjevinga av ØyNytt.

I Blomvåg kyrkje har sokneråd og Fellesråd godkjent planar for innreiing av rom bak orgelet. Rommet er tenkt til barnesamlingar og øvingsrom for korgrupper. Det er vidare kjøpt inn digitalt flygel til kyrkja. Dette vart teken i bruk under familiegudstenesta 27. november. Det vert arbeidd med å reparera skader på maling i tak i våpenhus, over galleri og framme i koret. Ein vonar arbeidet vil vera avslutta til nyttår.

Utvendig arbeid med rehabilitering av Hjelve gamle kyrkje er så smått kome i gong. Arbeidet er lova ferdig til utgangen av april neste år.

Det er gjeve økonomisk støtte til -

- Jubelkoret og Lyskastaren
- Deltakarar frå Øygarden på Song- og musikkurs på Bibelskolen på Bildøy.

## **Korleis skal ein gå fram dersom ein vil søkje om gravferdsstøtte?**

Det finst eige skjema for dette. Dersom ein nyttar eit gravferdsbyrå, er det vanleg at dei informerer om stønadsordninga, og hjelper til med utfylling av skjema. Ein kan og ta kontakt med trygdekontoret for spørsmål og hjelp.

## **Tilskot til båretransport**

Det finst også ei tilskotsordning til båretransport. Dette er ein rett alle har, og er ikkje behovsprøvd. Tilskotet vert gitt til næraste naturlege gravplass ved den avdøde sin bustad. Avstanden må vere minimum 20 km. Ein må betale eigenandel, og den er på 1607 kr., dvs 10% av maks. gravferdsstøtte.

## **Er kyrkjetenaren her??**



*Truls her?*

*Soknepresten og Truls kyrkjetenar tok badstu kvar onsdag. Men ein gong tok soknepresten feil av dagane, og gjekk tysdag. Komen vel innafør, oppdaga han at i badstua var det bare kvinner!*

*Raskt snudde han og gjekk ut utan å seie eit ord. Men han skjønna at damene hadde sett at det var sjølvaste presten.*

*Han tenkte lynraskt, snudde og opna døra igjen:*

*- Orsak, eg lurte bare på om kyrkjetenaren var her!*

# Misjon er for heile kyrkja

Av Torbjørn Greipsland

- Det er eit heilt sentralt perspektiv for den kristne kyrkja at det ikkje skal setjast grenser for evangeliet. Evangeliet kom til oss utanfrå, og vi er kalla til å formidla den gode budskapen, dele gleda, med dei som ikkje kjenner henne.

Det sa generalsekretær Kjetil Aano i Det Norske Misjonsselskap i eit foredrag på kyrkjemøtet i Den norske kyrkja, som hadde "Ei misjonerande kyrkje" som hovudtema.

Aano sa at berre ei glede som blir delt med andre, er ei heil glede.

- Men det er noko støytande med å skulle misjonere, å formidle ei sanning til andre, for evangeliet har noko støytande med seg.

Men Aano meinte ein må leve i denne spenninga: - I gleda over den gode budskapen, fellesskapet og håpet, og på den andre sida det støytande ved å skulle ønske å påverke andre med si tru, sa Aano, som sterkt

understreka at misjon er heile kyrkja si sak.

Generalsekretæren i Misjonsselskapet fekk mykje ros for foredraget. Fleire av deltakarane meinte det kunne bety ein ny giv for Den norske kyrkja. Sjølv meinte Aano at det kunne vere ein idé å innføre ein global misjonsdag ein fast søndag, for eksempel 1. søndag etter påske. KPK.

## Skule- og barnehagegudstenester 2005

Tradisjonen tru, så skal vi også i år ha gudstenester for alle skulane og barnehagane i Øygarden når vi går inn i julehøgtida. Dette er noko vi ser fram til kvart år, og vi vonar det blir

ei god avslutning for dette skulehalvåret og ei god førebuing til feiringa av Jesu fødsel!

Tidspunkta for desse gudstenestene vert i år som fylgjer:

Dag	Dato	Kl.	Skule/barnehage	Kyrkje	Ved:
Fredag	16.des	10.00	Barnehagane	Hjelme kyrkje	Kari Skår/S. Martinsen
Fredag	16.des	11.30	Alvheim/Bakken skular	Hjelme kyrkje	Kari Skår/S. Martinsen
Tirsdag	20.des	09.00	Toftøy skule	Blomvåg kyrkje	Kari Skår/S. Martinsen
Tirsdag	20.des	10.30	Blomvåg skule	Blomvåg kyrkje	Anne Mette Risøy/S. Martinsen
Onsdag	21.des	09.00	Øygarden Ungd.skule	Blomvåg kyrkje	Anne Mette Risøy/S. Martinsen
Onsdag	21.des.	11.00	Rong skule	Blomvåg kyrkje	Anne Mette Risøy/S. Martinsen

*Då ser vi fram til å møte dykk!*

*Helsing frå staben på kyrjekontoret*

### KAFFEKROKEN



Kjære lesar av ØyNytt

# God Jul midt på sommaren!

No er vi midt i november og det er tid å skriva julehelsing til ØyNytt om den skal koma med i julenummeret. Her er ikkje mykje som minnar om norsk jul! No ligg temperaturen på rundt 30 grader og luftfuktigheten på over 80. Sveitten renn sjølv om vi sit i ro! Men vi har det bra og alle fire i familien trivest her.

Juletonane kjem frå CD-spelaren i stova, det hjelper på å koma i den rette førjulstemninga. Frå klasserommet rett over plassen her øver gutane på julespelet som skal framførast i Nairobi 15. des. då det er juleavslutning på skulen der elevane på skulen framfører eit opptrinn. Med tanke på avslutninga til jul i fjor og den framføringa dei hadde då er dette noko vi ser fram til. Til denne festen er alle foreldre invitert og då kjem vi alle både frå Kenya og Tanzania som har barn på skulen. Med andre ord er det godt å få unna juleposten før vi reiser til Nairobi til 1. søndag i advent. I desember er det tre veker felles for alle elevane i Nairobi, då er det nordisk adventgudsteneste, juleverkstad, fellesarrangement, foreldremøte og mykje meir.

Skulemessig har vi det bra sjølv om vi no bur 50 mil vekke frå Nairobi. No er begge gutane heime og vi har lærar som skal vere her i to veker. David som går i første klasse går det fint med, veldig innstilt på å lære for å komme på nivå med bror sin i femte klasse. Det tek vel ei tid enno, men bokstavane blir litt etter litt trekt saman til ord! Christopher er så stor no at han kan bu på internatet i Nairobi, men

enno har han for det meste vore heime. Det har gått greit, sjølv om eg har hatt ein liten utfordring med å undervise både første- og femteklassingen, det er jo ikkje nett same nivå. Dei to første vekene no i november var Christopher i Nairobi



Foto: ONT

og det var godt både for han og meg trur eg. Han får litt større utfordring der når han kan måle seg med sin eigen klasse, samstundes får han gitar på sin eigen alder å vere med. I femte klasse her i Kenya er det nemleg fem gitar! I første klasse er dei sju, fem jenter og to gitar. Med oss vaksne går det bra, vi har kome godt i gang med det arbeidet vi skulle inn i. I august flytta vi

til staden vi no bur. Vi kjenner på mange måtar at vi får gå i oppgaver som Gud har lagt ferdig for oss. Vi hadde berre vore her i to veker då vi hadde fått kontakt med fleire frå den folkegruppa vi arbeider inn mot. Janesh er no oppteken kvar dag med å undervise ein ungdom som ikkje har vore like heldig som dei unge i Noreg, nemleg å få gå på skule. Han får no lese- og skriveopplæring.

Eg er for det meste oppteken med undervisning av eigne barn, det tek det meste av tida dei vekene vi ikkje har reiselærar. Men når vi har lærar her, får eg tid til litt andre ting også. No brukar vi ein del tid på å få kontakt og bygge vennskap. Det kan vere turar i nabolaget eller til byen. I området her er det mange frå Digostammen, som eg jobba blant før, og også ein del frå s-folket som vi no prøver å få kontakt med. Vi bur veldig lagelig med tanke på å nå muslimar med den glade bodskap.

Det er fantastisk å få vere med å dele av det beste vi har! Nettopp dette er det jula vitnar om, at Gud kom til oss då han sende Jesus til jord, født som eit lite barn.

Har du blitt ønskt "God Jul" av Janesh midt på sommaren nokon gong? Jula er grunnlaget for alt godt seier han, utan jul ingen glede, det er denne glede vi vil dele med andre! Her er det midt på sommaren og no ynskjer vi kvar lesar av ØyNytt ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år!

Takk for at de vil hugse på oss fortsatt og at vi får vere Øygarden sine utsendingar her i Kenya.

Janesh, Turid, Christopher & David  
Amenya



# Kjære misjonsvenner!

Massy, 6. nov -05

I går da jeg vaska på badet ringte telefonen, men det var bare en som ringte feil. Ikke lenge etter ringte han igjen, og snakka en masse før han endelig beklaga seg. Normalt er sånt noe kjedelige avbrytelser, men i går ble jeg faktisk oppløfta. Jeg forsto hva han sa! Jeg kunne svare på spørsmålene og forklare at de han ville snakke med ikke bodde her. Det er et kjempeframskritt.

Jan og jeg opplever begge at det går smått framover med språklæringen. Det er mye grammatikk og holde styr på, og Jan som er vant med praktisk arbeid sliter med den teoretiske undervisningen. Vi har lenge bare kunnet snakke i nåtid, men har akkurat lært både fortid og framtid, så det er bare å pugge verb! Skolen har et veldig bra opplegg. Hver dag starter felles med en liten gudstjeneste med sang, bønn og andakt. Fredag skjer dette i klassen der vi får prøve oss i en liten gruppe vi kjenner godt. Å lese bibeltekster er utfordrende. Det gjelder å holde fokus på bokstavene og samtidig huske hvordan de uttales. Men det går da framover. Vi har begge holdt vår første andakt på fransk. En annen utfordring er å praktisere det vi lærer. Når undervisningen er slutt krever jentene at vi snakker norsk. Og når ordforrådet er begrenset er det vanskelig å komme i gang. Men så er det lysglimt innimellom.

Det gjorde godt med nesten to ukers ferie i slutten av oktober. Vi hadde besøk av mine (Elisabeths) foreldre, og det var stor stas for liten og stor. Vi ble velsigna med nær sagt sommervarme og reiste flere turer inn til Paris. Ester Kristine bygger stadig Triumfbuen eller Eiffeltårnet med legoklossene sine.

Massy ligger sør for Paris ca. 30 min med tog. Her er det familievennlig med mange parker og flotte lekeapparater. Vi bor i fjerde etasje uten heis rett ved skolen. Leiligheten er stor. Enkelt møblert, men vi har så vi klarer oss. Vi kan handle det meste av det vi trenger på et kjempestort supermarked i gangavstand. Det har tatt sin tid å finne ut av de ulike matvarene, ikke minst å finne de i butikken. Her har de en filosofi som sier at hvis varene bytter plass i hyllene

kjøper vi kanskje noe som ikke var så veldig planlagt... Frustrerende når målet er melk, og der jeg fant det forrige gang er det nå bare ost. (Eller "fromage" som de sier her.)

Ester Kristine og Hild Elida har det bra sammen med praktikanten vår, Marta Sortland (fra Lindås). De har vært masse ute til nå, og kan stadig fortelle om nye lekeparker. Vi merker at Ester Kristine er frustrert over å ikke kunne snakke med andre barn eller voksne. For henne blir det få mennesker å forholde seg til dette året, på godt og vondt. Det er flere studenter på skolen med barn, men det hjelper ikke henne at de snakker engelsk. Hild Elida er heldigere der. Hun skjønner det meste foreløpig.

Det var noen glimt i denne omgang. Vi har det bra, men merker at dette er et veldig annerledes år. Vi gleder oss til å kunne kommunisere lettere, og er takknemlige for muligheten til å lære før vi flytter til Mali. Takk for forbønn. Det trenger vi. Vi merker at vi blir bedt for!!

Hilsen Elisabeth, Jan og jentene



PS: Vi tar imot både e-post og vanlig post:  
[jesanden@combitel.no](mailto:jesanden@combitel.no)  
Adr: Sanden, 2 Allee de Pologne, 91300  
MASSY, FRANCE.  
Tlf: 00 33 1 60 11 99 54 (vår hustelefon)



# SparebankenVest

- satser på Vestlandet

## Øygårdstova Café og Catering, Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.  
Arrangerer byllaup,  
konfirmasjoner og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

*Gi en himmelsk julegave*

**GAVEKORTET  
får du hos oss!**

ØYGARDEN HUD & KRØPPSPLEIE  
5337 Rong • 56 38 95 15

## Mange gode juletilbud på produkter fra KMS

Timebestilling 56 38 73 90

**ANITA  
KMS  
KALONGEN**

*Vi ønsker  
alle våre kunder  
ei riktig God Jul!*

## Velkommen til hyggelig julehandel

Mand-fred 10-18  
Lørd 10-16  
Tlf. 56 38 86 00  
Fax 56 38 85 99

**KLEOPATRA**  
Gave & Interiør

Vinkoffert 1fl før 199,- Nå 129,- Vinkoffert 2 fl før 299 nå 179,-,  
Pidestall stor før 799,- nå 499,-, Pidestall liten før 599 nå 399,-,  
Sylinder lykt vegg før 149,- nå 89,-

*Vi ønsker alle ei riktig God Jul!*

Vi tilbyr ferdige middagsrettar  
og nysteikte bakervarer

## TH HELLESØY

TLF.: 56 35 71 40 • 5331 RONG

## RONGEBUA

Stor jernvare- og interiøravdeling

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54

Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

## Stort utvalg i juleplanter

Husk å bestille blomster for  
utlevering i god tid før jul  
(siste frist 22.12.)



**Blomsterbua**  
Rong senter  
Boks 13, 5331 Rong



## TORSVIK

**ELEKTRISKE AS**  
Torsteinsvik - 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

acronisnet elinstallasjon  
Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

## Bli brun selv om det regner


Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel  
eller 20--rørs solseng med god kvalitet fritt levert  
Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

## BPS

Solutleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22




## Harkestad Betong AS

Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



## Malvin Harkestad & Sønner AS

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ

# Flåten & Sæle

TRADING

**Bjørkeved**  
**Spon (strø) for**  
**kompostering**  
**Og for fjøsdrift**  
**Tørrhøy**  
**Kunngjødsel for eng**  
**Kalksaltpeter**

**Plantejord**  
**Jordforbedring**  
**Dekkbark**  
**Prydbark**  
**Plenkrutt**  
**Gjødsel for**  
**plen og bedd**

Vi holder til på Hvalstasjonen i Blomvåg  
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.  
Ta kontakt pr tlf. 56 38 93 05 eller kom innom  
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

## Ring og be om Norgeshuskatalogen!

Telefon 56 38 28 00

**BHAS BYGG**

Pålneset, 5337 Rong



Butikken har blitt mye større, med stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.  
\* Moderne bilverksted m/EU-kontoll  
\* Reperasjon av alle bilmerker  
\* Moderne vaskehall



**BLOM  
SERVICESENTER AS**



5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**



*Åsane Begravelsesbyrå AS*

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES  
Døgnavt tlf.: 5518 9000

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Telefon: 56 38 77 73  
Mobil: 90 59 90 59

## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

## Rossnes Taxi

*Magne Ingvald Rossnes.*

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

**øygarden**  
elektriske as  
aut. elektroinstallatører

Tlf. 56 38 94 24  
Mobil: 928 41 790  
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

DALEKLETTEN  
5337 RONG  
TLF.: 56 38 87 32  
FAKS: 56 38 87 32  
MOBIL: 91 16 83 75

TORSVIK MUR  
VIDAR VIK TORSVIK  
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



**-fagkunnskap gir trygghet.**

# Helsing frå kyrkjelydspedagogen

No nærmar det seg tida der eg skal gi stafettpinnen vidare til Rannveig Vestbøstad Vik. Som nokon kanskje veit, ventar eg og Ole eit nytt familiemedlem. Det lille, store mirakelet skal etter planen komme 3. februar, så eg går difor ut i svangerskapspermisjon 13. januar. Eg har erfart at eit svangerskap kan by på mange gleder og utfordringar, og størst er gleda over den lille som skal komme!

Det har vore veldig kjekt å arbeide som kyrkjelydspedagog her i Øygarden. Rannveig og teamet har hatt ansvaret for konfirmantopplegget, mens eg har tatt meg av resten av det stillinga innber, som koordinering av planane for barne- og ungdomsarbeidet, andaktar på ulike lag, Øynytt, leirar og samarbeidet med

NLM og Imf. I arbeidet har eg fått møte mange flotte menneske, og miljøet i staben her på kyrkjekontoret har gjort det godt for meg å vere her!

Eg takkar for eit fint halvår, og eg ønskjer Rannveig og teamet lukke til vidare med arbeidet!

Til slutt vil eg helsa med *Matteus 28:18-20*.

*Helsing Anne Mette*



## Minibokhandelen


Vi har no fornya både **CD- og bokutvalet** med tanke på jula og gavekjøp. Her er noko for einkvar smak!

Spesielt vil vi nemna albumet "Julestemningar med m.a. Jussi Bjørling og Bing Crosby, 3 CD-ar til 99 kroner!

Vi har også for sal **DVD-filmar** for barn og unge med kristent innhald. Prisar frå 129 kroner.

Vi minner også om den spesielle boka vi hadde omtale om i sist nr. av ØyNytt: "Helsearbeid i skiftande tider."

Velkommen innom kyrkjekontoret. Ekspedisjonstida er som før, kl. 09.00 – 15.00



## Hei alle 6-åringar i Øygarden!!

For ca. seks år sidan vart du døypt, og det markerar vi ved å ha dåpsskule for dei som vert seks år i 2006. Vi skal ha samlingar i februar og mars i Hjelme kyrkje der vi skal snakke om ulike tema frå Bibelen. Alle seksåringane vil verte inviterte saman med ein vaksen til å komme på samlingane. Datoene for samlingane er: **23. februar, 9. mars, 16. mars og 23. mars**. Vi avsluttar dåpsskulen med gudsteneste i Hjelme kyrkje **søndag 26. mars**. Dei som skal vere lærarar er Rannveig Vestbøstad Vik og Kari Skår.

*Vi ønskjer alle 6-åringane med føresette velkommen!*

## KINA - NÆRARE ENN DU TRUR!

Bli med på ein 9-dagars Kinatur frå 2. til 10. november 2006 med hovudstaden Beijing som utgangspunkt!



No er det din tur til å oppleve ny og gamal historie i denne fantastiske byen, sentrum i den mest folkerike nasjonen i verda.

Under heile turen blir det bustad på eit 5-stjerners hotell i sentrum av byen. Pris kr 12.380, alt inkludert. Interessert i program?



Ta kontakt med reiseleiar **Odd N. Thormodsæter**, tlf. 56 38 22 43/990 16 616. Teknisk operatør er :

## SABRA CHINA TRAVEL

## Heisann alle dåke..



Eg heite då Trine Lise Vik, kjem frå Toft, og eg går på Media- og Kommunikasjonslinja på Kvås vidaregåande skule som ligg ca. 10 minutt frå Lyngdal sentrum. Eg har då reist langt vekk frå både mammaen, pappaen og vennane mine for å gå på internatskule.

På ein internatskule so kan ein finne på masse rart, lærarane begynne kanskje å bli lei av at vi går rundt å seier at da ikkje er noko å finne på. Det e ikkje alltid vi e lika kreative, men når vi først finn på noko so e da kjempe kjekt som regel, her om dagen så var vatnet her på skulen frose og då gjekk vi på isen. Kjempe kjekt, blir nett som nokon små ungar igjen. Men vi får det ikkje gøyere enn det vi lager det sjølv. Kvås er ein ny oppstarta vidaregåande internatskule, frå før var det folkehøgskule her, det er det fortsatt, så vi er ein blanding av vidaregåande menneske og folkehøgskule menneske som tar eitt friår. Gjengen som går her i år er på litt over 50 stk., 22 på vidaregåande og litt over 30 på folkehøgskulen. Når vi er ein såpass liten gjeng som dette blir vi godt kjent med kvarandre og miljøet blir betre. Linjene dei har hatt her i år på vidaregåande er GK Media

og kommunikasjon og GK formgivingsfag, men til neste år så blir det både GK og VK1 for desse faga + at det kjem GK Hotell og næringsmiddelfag.

Å være den som kjem lengst vekk frå skulen på vidaregåande er ganske kult, men på folkehøgskulen har vi folk frå langt oppi nord. Folk på skulen kjem frå alle plasser i heile Norges land.

Det finns mange fordeler med å gå på internatskule, ein får venner og minner for livet. Det er vel dei to hovudpunkta, men det som ikkje er fullt så gøy med å bu vekk er at no må eg vaske klærne mine sjølv. Det kan til tider være veldig kjedelig, men allikevel så er det nesten berre positive ting med å gå på denne skulen her i alle fall. Vil tilslutt berre sei til deke som trur deke vil gå på internatskule, deke vil da altså, reis vekk frå alt i Øygarden, det e så konge å komme seg vekk litt og utforske korleis da er å bu vekk frå mammaen og pappaen, hehe.

*Helsing Trine Lise Vik*

## Kjære ØyNytt



Eg heiter Knut-Arne og kjem ifrå Øygarden, nærmare bestemt Toftøy. I år går eg på Framnes Kr. Vgs inne i Hardanger. På fritida mi driv eg for det meste med musikk og data, men eg prøver å få inn nokre andre aktivitetar innimellom.

På skulen har me idrettsfag og allmennfag, eg går allmenn. Skulen ligg idyllisk til på ei slags halvøy med kort veg til bakkane i Eikedalen. Og noko av det beste er at det er ein internatskule. På internata kjem ein tett inn på kvarandre og gode venskap blir stifta. Ein har og kort veg til nokon andre viss ein lurar på kva naturfaglæraren eigentleg meinte med det

han sa i timen.....

Så eg vil verkeleg anbefale å gå på ein internatskule, gjerne her på Framnes!

*Med venleg helsing Knut-Arne Vik*

### Takk

til alle frivillige medarbeidarar i kyrkje- kor- og foreningsarbeid for godt utført arbeid dette året.

Jule- og nyttårshelsing frå  
sokneprest og stab i Øygarden  
prestegjeld

## GUDSTENESTER

11. des.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Høgmesse v/Ronny Heimli. Nattverd. Høve til dåp
18. des.	Hjelme kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
24. des.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>14:30</b>	Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen
24. des.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>16:00</b>	Lekmannsgudsteneste. Andakt v/ Ranveig Vestbøstad Vik. Song av Øygarden Gospel. Band.
24. des.	Hjelme kyrkje	kl. <b>16:00</b>	Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen
25. des.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>12:00</b>	Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
26. des.	Hjelme kyrkje	kl. <b>12:00</b>	Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
01. jan.	Hjelme kyrkje	kl. <b>12:00</b>	Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd
08. jan.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Høgmesse v/Lars Arne Vik. Nattverd
15. jan.	Hjelme kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Fam.messe v/ Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
22. jan.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>12:00</b>	Fam.messe v/Svenn Martinsen. Nattverd. Høve til dåp
29. jan.	Hjelme kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd
05. feb.	Blomvåg kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Høgmesse v/Svenn Martinsen. Nattverd
12. feb.	Hjelme kyrkje	kl. <b>11:00</b>	Høgmesse v/vikar. Nattverd. Høve til dåp

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte

#### Blomvåg:

Malin Herdlevær  
Elias Hellebø  
Sigurd Fjeldstad  
Kim William Finsås  
Andrea Skålevik Nesse (Fjell kyrkje)

#### Hjelme:

William Stevik Vindenes  
Matias Landro Fosse (Landro kyrkje)  
William Stevik Vindenes, Torsvik  
Marcus Dagg, Rong  
Robert Myrland, Dåvøy

### Vigde

#### Blomvåg:

Rebecca Rinde Paulsen og Chris Arne Andersen  
Anita Hellebø og Wegard Johan Kristensen

### Døde

#### Blomvåg:

Anna Skjerping Blom  
Johanna Breivik  
Nils Konrad Dale  
Aril Morten Ådlandsvik  
Klara Sæle  
Selvma Rong

#### Hjelme:

Hildur Sagstad  
Leiv Magnus Solhaug

## INKOMNE OFFER

#### Blomvåg:

7. aug.	- N L M	kr. 3962,50
21. aug.	- Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2865,50
4. sept.	- Bergen søndagsskulekrets	kr. 2809,50
18. sept.	- For bibel og bekjennelse	kr. 5370,00
16. okt.	- Normisjon	kr. 6082,00
30. okt.	- Kirkens Nødhjelp	kr. 3430,00
13. nov.	- Blå Kors	kr. 3092,00

#### Hjelme:

14. aug.	- Evangeliesenteret	kr. 1068,50
28. aug.	- N L M	kr. 2511,00
11. sept.	- Kyrkjelydsoffer	kr. 3894,00
25. sept.	- Den norske Israelsmisjon	kr. 2616,50
9. okt.	- Normisjon	kr. 3646,00
23. okt.	- Kirkens Nødhjelp	kr. 3894,00
6. nov.	- Kyrkjelydsarbeidet	kr. 1685,50
20. nov.	- Det norske bibelselskap	kr. 2164,00

## Vel møtt til ELDRETREFF

#### HJELME (I kyrkjelydssalen):

Onsdag 14. desember kl. **16.00** - JULEFEST  
Onsdag 18. januar kl. 16.45  
Onsdag 15. februar kl. 16.45  
Onsdag 15. mars kl. 16.45

#### BLOMVÅG (På Tednebakkane):

Alle samlingane startar kl 16.00  
Torsdag 15. desember                      Torsdag 20. april  
Torsdag 19. januar                              Torsdag 18. mai  
Torsdag 16. februar                              Tur i juni.  
Torsdag 16. mars

**70 år:**

20. des. Håkon Johan Vik, Vik  
 22. des. Mons Kristoffer Nakken, Rosnes  
 06. jan. Alf Norvald Turøy, Rong

**75 ÅR:**

11. des Reidar Johan Toft, Toft  
 14. des Jenny Magnhild Hetlevik, Hellesøy  
 29. des Borghild Landro, Vik  
 23. jan Alfhild Knarvik, Knarvik  
 02. feb Olga Randi Torsvik, Torsvik

**80 ÅR:**

20. des Ivar Bertin Blom, Blom  
 04. jan Malvin Harkestad, Tjeldstø  
 12. jan Adolf August Torsvik, Torsvik

**85 ÅR:**

01. jan Kristoffer Fjeldstad, Tjødnarvegen  
 04. jan Alfred Karl Sæle, Tjeldstø  
 19. jan Helena Dale, Dale  
 26. jan Knut Alvheim, Tjødnarvegen  
 04. feb Nelly Marie Oen, Oen

**Julefestar:**

Hellesøy bedehus søndag 8. januar kl. 16.30

Innsalg v/ søndagsskulen

Sæle bedehus 2.juledag 26. desember Familiefest

Oen bedehus. Familiefest

Blomvåg bedehus lørdag 7. januar kl 18.00

Tale v/ Henry Skogvoll

Blom bedehus tirsdag 27. desember kl. 18.00

Familiefest. Innslag v/søndagsskulen

Rong bedehus torsdag 29. des kl. 17.30

Familiefest. Innslag av søndagsskulen, og andakt v/Kari Skår

Vik bedehus torsdag 29. des. kl. 17.00

Julefest for heile familien

Vik bedehus søndag 1.januar kl. 18.00

Julefest ved Øygarden Indremisjon. Nordhordlandskoret og Johannes Lyngset bidrar.

**Julekonsertar:**

Torsdag 8. desember kl. 19.00 i Blomvåg kyrkje:

Julekonsert med Rong Brass

Søndag 11. desember i Hjelme kyrkje kl. 17:00:

VI SYNG JULA INN

Bakken skulemusikk, Vik mannskor og Tore Hjalmar Sævik vert med. Mykje allsong

Søndag 18. desember i Blomvåg kyrkje kl. 18:00:

VI SYNG JULA INN

Jubelkoret, Øygarden Gospel, Vik-B-band og gruppe frå Rong Brass vert med. Allsong.

**Statskyrkje i framtida?**

I det siste har statskyrkjeordninga vore eit brennhett tema blant politikarane og i media. Blant folk flest er meiningane svært delte. Forslaget om lovendring må opp i to Storting før grunnlova kan endrast, og det statlige utvalet som utredar forholdet mellom stat og kyrkje skal snart legge fram si innstilling. Fleirtalet i dette utvalet går inn for eit skille, men samtidig vil ein at Den norske kyrkja skal ha ei særstilling blant trussamfunna.

Kva meiner folk i Øygarden om dette? Vi har spurt fleire om dette spørsmålet, men det er berre Oskar Vik som har svart:

*Kva meiner du om statskyrkjeordninga? Bør stat og kyrkje skillast? Kvifor/kvifor ikkje?*

Svar:

For meg som vaks opp på 50-og 60-talet var kyrkja trygg og god å koma til, med solid forkynning forankra i Guds ord. Etter kvart har me vore gjennom ein revolusjon når det gjeld inntrykk og

opplevingar frå alle kantar. Dette har gjort noko med oss. Mange prøver å tilpassa Guds biletet til den tida me lever i, der Guds ord vert sett til side til fordel for folkefleirtalet. Ein verdsleggjort stat bestemmer i altfor stor grad kva kyrkja skal meina og tru. Gudshuset vert bytta ut med "folkekyrkja". Dette vert jo heilt feil. Bibelen fortel oss at Gud er den same idag som igår, ja, til evig tid. Når ikkje kyrkja lenger syner oss vegen til Gud gjennom Jesus, har me ikkje ei levande kyrkje. Tida er difor moden for å skilja kyrkja frå staten.

*Korleis vil du stille deg til kyrkja dersom kyrkja og staten skiller lag?*

Svar:

Dersom stat og kyrkje skil lag, kan mykje koma att på plass og Herren kan på nytt verta "herre i eige hus". Kven som har mynde til å tilsetja prestar og biskopar og kva som vert vektlagt, vil vera avgjerande. Kyrkja treng eit tilsetjingsråd som står på trygg og evangelisk grunn. Prestana si hovudoppgåve må vera å forkynna frelsa i Jesus Kristus. Ei slik kyrkje vil eg tilhøyra.

*Helsing Oskar Vik*

# GUD HAR FÅTT NY ADRESSE

*“Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede”, seier engelen den natta då Jesus vart fødd (Luk 2,10). Dei orda er sanne. Julenatt er vendepunktet i tida, høgdepunktet for kjærleiken, utgangspunktet for frelsa og midtpunktet for tilbedinga.*

Av biskop Ole D. Hagesæther

Det har tatt tid for meg å sjå det slik. Som prest har eg bora og bora i juleevangeliet, eg skal jo seie noko nytt om den gamle bodskapen kvar einaste jul. Men det har skjedd med meg som med mange andre: På vegen inn i tekstene vart merksemda fanga av det ytre: Det vakre ved at det handlar om eit barn. Det sørgjelege ved at der var så lite gjestmildskap på jorda. Maria som var fortvila og gjetarane som var forskrekka. Vi må lengre inn i bodskapen. Lengre inn og djupare ned.

Jesu fødsel markerer **vendepunktet i tida**. Gud har meldt flytting og skifta adresse. Han har flytta inn i gatene våre, heimane våre og i dei risikofylte livsprojekta våre. No er det ”før og etter Kristus”.

Og det har han gjort utan nokon som helst garanti for å verte tatt imot. Julenatt er **høgdepunktet for kjærleiken**. Gud tok på seg menneskekropp, endå han visste at det ville

koste han dyrt. Med evig kjærleik har han elska oss (Jer 31,3). No orka han ikkje vente på oss lenger.

Julenatt er **utgangspunktet for frelsa**.

Det er klårt at det måtte kome eit framhald. Den store frelseshendinga fann stad då han døydde for oss på krossen. Men utgangspunktet er hendinga julenatt, då Gud vart menneske. Vi fekk ein bror som kunne ta over på våre vegner i møte med synda og dauden og Satan si makt.

Derfor vert julenatt **midtpunktet for tilbedinga**. Guds grenseoverskridande handling er så vidunderleg og merkeleg at den eigentleg berre kan møtast sakssvarande i tilbedinga. Vi leiter etter ord og formar dei i lovsong. Vi lengtar etter svaret og finn det i stilla. Saman med englane i himmelen seier vi:

*”All lov og pris og visdom, takk og ære, makt og velde høyrer vår Gud til i all æve.”*  
(Op 7,12).



*Det blir bispevisitas i Øygarden 13.- 18. september 2006.*

*Då kan du få oppleve biskopen "live".*